

# VEDTEKTER NÆRINGSFOND VÅGÅ KOMMUNE

Sak 47/16. Vedteke formannskapet 06.09.2016  
Sak 50/16 Vedteke Kommunestyret 20.09.2016

## Innhold

Innhold.....	1
§1. Heimel, kapital og avkastning .....	2
<b>§2. Føremål.....</b>	<b>2</b>
§3. Prioriteringar .....	2
§4. Vilkår og avgrensing .....	3
<b>§5. Søknadsprosess og forvaltning .....</b>	<b>3</b>
§6. Utbetaling, dokumentasjon og klage.....	4
§7. Forvaltning, årsmelding og vedtekter.....	4

## §1. Heimel, kapital og avkastning

Vågå kommune sitt næringsfond er bygd opp av erstatning frå Kommunal og arbeidsdepartementet i samband med ikkje utbygging av Sjoavassdraget. Fondskapitalen er på kr 2.000.000,-. Fondskapitalen kan ikkje brukast til lån eller tilskot.

Avkastning og renter frå fondskapitalen, årleg tilførsel frå kommunal og regionaldepartementet samt kommunale avsetjingar kan brukast som næringsfond.

Støtte kan gjevast som tilskot og lån (ansvarleg og vilkårsbunde lån). For lån til privat næringsverksemd skal rentevilkår og attendebetaling følgje gjeldande vilkår for lån i innovasjon Norge.

## §2. Føremål

Målsetjinga med næringsfondet er å styrke næringslivet og busetjinga i kommunen gjennom å fremme etableringa av ny verksemd og vidareutvikling av eksisterande næringsliv.

Som hovudmålsetning skal næringsfondet bidra til:

- Etablering av ny verksemd
- Bedriftsutvikling og vekst i eksisterande verksemd/næringsliv
- **Samarbeidsprosjekt mellom to eller fleire verksemder**

**Støtte frå fondet skal primært brukast til tiltak som utfyller verkemiddelapparatet, eller som eit bidrag for å utløyse andre tilskotsordningar:**

- Etablerarstipend og etableraropplæring – forberedande fase i ei bedriftsetablering
- Bedriftsutvikling som produktutvikling, marknadsundersøkingar og marknadsføring
- Etablering av lokale nettverk og samarbeidstiltak
- Investering i primærutstyr og maskiner både ved oppstart av ny verksemd og vekst i eksisterande verksemd
- Samarbeidsprosjekt mellom verksemder både innanfor produksjon og på overordna nivå
- Tiltak som synleggjer sannsynleg hovudinntektskjelde for søkaren
- Kommunalt nærings- og tiltaksarbeid som næringsplanlegging, planlegging og utbygging av næringsareal og sentrumsområde, etablerarprosjekt og samarbeidsprosjekter skule/næringsliv

## §3. Prioriteringar

Fondsstyret skal i størst mogleg grad forsøka å leggje opp til færre og større tildelingar slik at midlar frå næringsfondet blir ein utløysande faktor for etableringa. Stønad frå næringsfondet skal prioriterast til tiltak innanfor vedteke hovudstrategiar i kommunen sin næringsplan.

- Skape eller sikre varige lokale arbeidsplassar og busetjing
- Nyetableringar som tilfører produkt og/eller tenester som ikkje finst i dag i Vågå eller handelsregionen
- Sysselsettingsmoglegheiter for kvinner, innvandrar og ungdom
- Økt kompetanse eller tilfører kompetansearbeidsplassar
- Miljøvennleg utvikling av lokalsamfunnet
- Nettverksbygging og samarbeid mellom nye og eksisterande verksemder

#### §4. Vilkår og avgrensing

Ingen har krav eller rett til støtte frå Næringsfondet. Alle søknader skal behovsvurderast og vurderast individuelt med tanke på lønnsamheit, etablering av nye og sikring av eksisterande arbeidsplassar.

- Det kan gjevast maksimalt tilskot på NOK 400.000,- til ei og same bedrift over ei tre års periode
- Samla støtte til eit prosjekt kan ikkje overstige 50% av kapitalbehov og maksimalt NOK 150.000,-
- Kapitalbehov beregnast utan eigeninnsats og det stillast krav om eigenkapital og eigeninnsats i prosjekta
- Det er ikkje høve til å gje støtte til same tiltak i prosjekt som får lån eller tilskot frå distriktpolitiske verkemiddel forvalta frå fylkeskommunen, Innovasjon Norge eller Regionsrådet

Dersom ein søknad frå private aktørar er tilskotsberettiga frå andre offentlege organ (f.eks. Innovasjon Norge eller Oppland fylkeskommune), skal søker først legge fram sin søknad for disse. Næringsfondet kan ikkje nyttast til:

- Ordinær drift, gjeldssanering, aksjekjøp, garantiar eller liknande
- Løn eller driftstilskot
- Til bedrifter som får betydelege overføringar over statsbudsjettet
- Investeringar i mobile og kortsiktige driftsmiddel/sekundærutstyr
- Investering i tomter, bustader eller nybygg
- Store kjeder innan detaljhandel og netthandel
- Nyetablering eller vidareutvikling av detaljhandel og annan serviceverksamheit dersom dette kan føre til nemneverdig konkurransevriding mellom bedrifter innanfor kommunale grenser eller handelsregionen
- Prosjekter som er fullført eller fullfinansiert ved tidspunktet for søknad
- Garanti for lån til privat næring

#### §5. Søknadsprosess og forvaltning

Formannskapet er fondsstyre og det er dei som fattar endeleg vedtak om tildeling av midlar etter sakshandsaming av rådmann.

Som ei prøveordning i 2017 er det søknadsfrist er to gongar i året, 1. mars og 1.september. Søker skal få svar i henhold til fristar i forvaltningsloven. Ved særlege tilfelle kan rådmannen fremme saker utanom fristane.

Søknad om stønad skal skrivast på eige skjema som er å finne på Vågå kommune sine heimesider. Søknader skal innehalde følgjane punkter:

- Søkars namn, verksemd, organisasjonsnummer (dersom dette er registrert) samt fullstendig adresse
- Skildring av forretningskonsept inkl. enkel forretningsplan og modell for organisering / oversikt over eventuelle samarbeidspartnarar
- Målsettingar som kan etterprøvast
- Prosjektplan inkl. framdriftsplan, milepælar og resultatmål
- Budsjett for aktivitetane i prosjektet inklusive sikkerheitsmarginar
- Finansieringsplan
- Marknadsvurderingar med hovudutfordringar og kritiske faktorar for å lykkes

- Rekneskap og attestar for skatte- og avgiftsrestansar for de tre siste årene for eksisterande bedrifter
- Dersom tiltaket krev godkjenning frå offentlege myndigheiter må godkjent dokumentasjon leggjast fram før søknadsprosessen kan starte

Formannskapet sett kvart år av ei sum til mindre prosjekt.

Søknadar på inntil NOK 30.000,- vært handtert fortløpande og kan avgjerast av administrasjonen.

Dei administrative vedtaka skal refererast for formannskapet. Søknad til desse midlane har eit eiga søknadskjema og skal innehalde:

- Søkars namn, verksemd, organisasjonsnummer (dersom dette er registrert) samt fullstendig adresse
- Skildring av forretningskonsept og oversikt over eventuelle samarbeidspartnarar
- Prosjektplan inkl. framdriftsplan, milepælar og resultatmål
- Budsjett for aktivitetane i prosjektet
- Finansieringsplan

## §6. Utbetaling, dokumentasjon og klage

Stønadent vert utbetalt til søker mot dokumenterte utgifter frå regnskapskontor eller revisor.

Tilskotet er gyldig i to år og det kan søkjast om delutbetaling. Tilskotet er å rekne som skattepliktig inntekt.

Tilbakebetaling av utbetalt stønad skal i sin heilskap snarleg gjennomførast dersom:

- Ei verksemd/organisasjon som har mottatt stønad avsluttast, flytter ut av kommunen, vore avvikla, skifar eigar, søker gjeldsforhandlingar eller går konkurs
- Prosjektets innhald endras eller omfanget reduseras i forhold til søknad og tilsegn
- Søkeren har gitt feil eller mangelfulle opplysningar om forhold som gjelder prosjektet

Eit mindretal i fondsstyret kan anke vedtak i styret inn for kommunestyret. Klager på administrative vedtak vert behandla av formannskapet.

## §7. Forvaltning, årsmelding og vedtekter

Fondsmlane skal plasserast på renteberande konto slik at dei er disponible til kvar tid.

Administrasjonen fører rekneskap og årsmelding. Årsmeldinga skal leggjast fram i kommunestyret årleg og kopi sendast til Oppland fylkeskommune og fylkesmannen.

Vedtektene kan endast etter vedtak gjort i kommunestyret. Endringane skal godkjennast av Fylkesmannen og kopi skal sendast til Fylkeskommunen.